



Notat

Dato
LEIKANGER, 31.01.2017

Frå: Kenth Rune T. Måren

Knut Chr. Clausen, FLOV

Til: Liv Horvei, MOY

Frode Kristian Grøttebø, OA

Kopi til: Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

NAV-rettleiar i vidaregåande skule – Sogn og Fjordane Årsrapport 2016

1. Samarbeidsmodellen – oppbygging og utfordringar

- Levekårsproblem og sosiale problem i området der forsøket er etablert**

Statistikk som viser utfordringar knytt levekår og sosiale problem i Sogn og Fjordane, syner at fylket scorar over gjennomsnittet på dei fleste indikatorar samanlikna med resten av landet.

I folkehelseprofilen for Sogn og Fjordane i 2015 finn vi at delen elevar som har sluttat/ikkje bestått vidaregåande opplæring fem år etter at dei starta utdanninga, ligg mellom 16-17%, medan den for heile landet ligg på 24%. I dei to kommunane der forsøket med NAV-rettleiar i vidaregåande skule vert gjennomført, Førde og Flora, ligg resultatet for Flora på 25% og for Førde på 18%. Denne statistikken gjeld den einskilde kommune, og kan ikkje direkte overførast til dei to forsøksskulane då desse rekrutterer elevar frå fleire kommunar i fylket.

Tilgjengeleg statistikkmateriale over hushaldningar med låge inntekter i perioden 2008 – 2012 syner ein auke for Flora på kring 3% gjennom perioden, til 9,3% i 2012. For Førde syner same statistikk ein moderat auke i perioden. Resultatet for 2012 syner at 6,8% av hushaldningane i Førde er i gruppa med låge inntekter.

Tal frå fylkeskommunen viser ei utvikling der prosentvis fleire av elevane i fylket fullfører og består vg1. Statistikken syner og at talet på elevar som sluttar i løpet av vg1 svingar frå år til år - med eit årleg gjennomsnitt på 47 elevar dei siste 4 åra. Mo og Øyrane vidaregåande skule, som er ein rein yrkesfagleg skule, låg på toppen av denne statistikken med 15 sluttalar i 2015.

- **Organisering av forsøket**

Førstesøket i Sogn og Fjordane vert gjennomført i to kommunar i Sunnfjordregionen i samarbeid mellom NAV-kontor og vidaregåande skule:

- Førde kommune: NAV Førde og Mo og Øyrande vidaregåande skule
- Flora kommune: NAV Flora og Flora vidaregåande skule

Det er oppretta ei lokal prosjektgruppe for begge dei to delprosjekta - som begge inngår i eit fellesprosjekt for fylket. Prosjektet vert administrert gjennom ei felles styringsgruppe og med felles prosjektkoordinator. Styringsgruppa er samansett av to representantar frå Fylkesmannen, ein representant frå fylkeskommunen og ein representant frå NAV Sogn og Fjordane. NAV Sogn og Fjordane set av ressursar til prosjektkoordinator med ansvar for administrative oppgåver og rapportering. Styringsgruppa har hatt to møte i 2016 og eitt fellesmøte med dei lokale prosjektgruppene.

- **Samarbeid mellom dei ulike aktørane**

I begge delprosjekta har NAV-rettleiar heilt frå prosjektstart blitt godt motteke og raskt integrert i miljøet ved den vidaregåande skulen. Tenesta vart i løpet av det første prosjektåret gjort kjend for elevar og tilsette gjennom informasjon i klassane og gjennom at NAV-rettleiar deltok på ulike arenaer på skulen. Samhandlinga ved begge forsøksskulane vert ivaretakne gjennom NAV-rettleiar sitt daglege virke og samhandling med dei ulike aktørane som td. leiargruppe, rådgjevarteam, sosialpedagogisk team, OT- koordinator og arbeidslivskontakt ved skulen.

Ved utgangen av 2016 erfarer vi at det er etablert god struktur og gode rutinar for tverretatleg samhandling ved begge forsøksskulane.

Mo og Øyrane vidaregåande skule har lagt særleg vekt på organisering og struktur for samhandling og arbeider systematisk etter årshjul. NAV-rettleiar er integrert i elevtenesta ved skulen. Elevtenesta består av miljøkoordinator, karriere og sosialpedagogisk rådgjevar, rådgjevar for tilpassa opplæring, koordinator for Nær værteam, helseteneste, PPT, OT og NAV-rettleiar. Det er «Rådsmøte» i teamet kvar veke. Vidare vert det jobba med samhandling og kompetanseoverføring med:

- leiargruppa som innehar rolla som arbeidslivskontaktar
- pedagogisk personell gjennom jamleg klasseråd og felles personalsamlingar
- ungdomskular og rektorer i kommunen og nabokommunar
- opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og opplæringskontora
- OT
- Ungdomsteam ved NAV Førde (samhandling kring aktivitetsplikt etter Lov om sosiale tenester i NAV)
- Barnevern
- Ungdomskontaktar ved andre NAV kontor i fylket (fast kontaktperson i kontora der elevane er tilhøyrande. Mo og Øyrane rekrutterer elevar frå flest kommunar i fylket)

NAV-rettleiar ved Mo og Øyrane vidaregåande skule ønskjer tettare samhandling med elevråd – og har tilført dette på handlingsplanen for prosjektet, jf. AFI rapport.

Frå skuleåret 2016/17 har Mo og Øyrane vidaregåande skule oppretta eit Nær værteam der NAV-rettleiar er medlem. Teamet har, saman med kontaktlærar, tett oppfølging av elevar som har fråvær frå skule.

NAV er godt synleg i skule gjennom skulen si internettseite, presentasjon og informasjon til alle klasser og deltaking på foreldremøter og temadagar ved skulen. Mellom anna mogelegenhet for elevar og foreldre, gjennom invitasjon med elektronisk questback, å få samtale med NAV-rettleiar.

Mo og Øyrane vidaregåande er den skulen som rekrutterer elevar frå flest kommunar i fylket. I delprosjektet for Mo og Øyrane vidaregåande skule er det oppretta ei ordning med fast kontaktperson i dei ulike NAV-kontora der elevane kjem frå.

Ved Flora vidaregåande skule jobbar NAV-rettleiar ut frå handlingsplanen for prosjektet som vart utarbeidd ved oppstart. Gjennomføringa av prosjektet ved Flora vidaregåande skule har mange fellestrek med prosjektet i Førde kva gjeld samhandling mellom skule og NAV. Prosjektet i Flora har i noko mindre grad jobba med system og struktur for samhandling og har i større grad nytta NAV-rettleiar i direkte oppfølging av enekeltelevar. NAV-rettleiar ved Flora vidaregåande skule jobbar særleg tett opp mot OT og deltek aktivt i utarbeidingsa av skreddarsydde opplegg for OT-elevane. I tillegg har Flora vidaregåande skule ei særleg satsing på framandspråklege elevar og har etablert eit tverrfagleg team ved skulen som jobbar med denne gruppa. NAV-rettleiar deltek i dette teamet. NAV-rettleiar jobbar også tett på ungdomsteamet ved NAV Flora og er kopla på ungdomsprosjektet «Ung start».

Internt i NAV er det informert om prosjektet gjennom oppslag på NAVET og i leiarsamlingar. NAV-rettleiar i Førde har nytta tid som NAV-kontoret har sett av til internopplæring til kompetanseoverføring frå prosjektet til rettleiarar i NAV-kontoret. I begge delprosjekta er dei faste møtetidspunkta med ungdomsteamet ein nyttig arena der ein får jobba konkret med å finne gode arbeidsformer for å få til kompetanseoverføring frå skule til NAV-kontoret.

Prosjektet er synleggjort internt i NAV gjennom leiarsamlingar og gjennom informasjon på NAVET. NAV-rettleiar har halde presentasjon på Sjumilsstegkonferansen våren 2016. I tillegg har vi hatt innslag på NRK vestlandsrevyen (desember 2016), lokalradio og rikssendingar der elevstemma kom godt fram.

2. Mål for prosjektperioden og måloppnåing

Etter det første året i forsøket kan mål for prosjektet oppsummerast slik:

«Auke gjennomføring og førebygge fråfall i vidaregåande opplæring samt integrere ungdom i arbeidslivet» gjennom å:

- Ha tett oppfølging av elevar i arbeidspraksis, jf. AFI rapport
- Halde fram med førebyggande innsats til større elevgrupper/klassar – tema:
 - Utviklinga i arbeidsmarknaden
 - Samanheng mellom val av utdanning og mogelegheiter i lokal arbeidsmarknad
 - Viktigheita av fullført utdanning i høve arbeidsmarknaden og fylgjene av utanforskaps
 - Gje informasjon slik at elevar kan ta kvalifiserte val
- Førebyggande innsats for einskildelevar (kartlegge «risikoelevar» og tett oppfølging)
- Sikre raske overgangar til arbeid/aktivitet i saker der elevar går ut av utdanninga, frå skule til lære eller sluttfører utdanninga – unngå lediggang for ungdom (innfattar å systematisere kontakt/arbeidsfordeling med opplæringsavdelinga i fylkeskommune).

- Få felles forståing på tvers av etatane/gjenstridig problem «fråfall frå vgs».

Auka systemkunnskap både i skule og NAV, og det å få på plass samarbeid/ samhandlingsstrukturar som gir meirverdi også etter at prosjektperioden er avslutta er i tillegg ei målsetting for resten av prosjektperioden.

3. Kvalitativ vurdering av data frå prosjektet

Ved oppstart av prosjektet brukte vi kvantitative data til å identifisere skular som har hatt mange søkerar i kategorien 15-21 år som sto fare for å falle ut av vidaregåande opplæring. Vi erfarer at det er førebels er utfordrande å «måle» heilt konkret i kva grad forsøket med NAV-rettleiar har hatt effekt i høve auka gjennomføring av vidaregåande opplæring. NAV-rettleiar har hatt utfordringar i høve til register av data i registreringsverktøy for prosjektet. Dette er mangefullt og skuldast fleire høve. Målet er å få til ei adekvat registrering frå 2017.

Etter det første året er erfaringa at ordninga med NAV-rettleiar i vidaregåande skule er meir synleg. NAV-rettleiar opplever høgare aktivitet og får generelt fleire førespurnader: frå skule, andre samarbeidspartnarar, elevar som tek kontakt og foreldre som tek kontakt.

NAV-rettleiarane har i stor grad bidrige til auke gjennomføring/førebygging av fråfall gjennom:

- kombinasjonstiltak i form av arbeidspraksis til elevar som delvis har sluttar på skulen
- samtalar/rettleiing ved aukande fråvær
- rettleiing til elevar i høve til karriere/jobbmogelegeheter/arbeidsmarknad
- økonomisk rettleiing/hjelp til å sjå mogelegeheter for å klare å fullføre vidaregåande opplæring for elevar som har vanskeleg økonomi

• Suksessfaktorar og utfordringar

Vi har lagt vekt på at utvikling skal skje gjennom dagleg arbeid i dei lokale prosjekta.

Styringsgruppa sine føringar/forventningar til dei lokale prosjektgruppene for skuleåret 2016/17 er at dei først og fremst jobbar etter eigen handlingsplan og stadig evaluerer/vurderer kva i samarbeidet mellom skule og NAV som gir effekt i høve gjennomføring av vidaregåande opplæring og resulterer i at fleire ungdommar kjem i arbeid etter fullført opplæring.

Styringsgruppa si erfaring er at begge delprosjekta har jobba godt frå startfasen, men at det er utfordrande for oss å måle konkrete resultat – vite heilt eksakt kva og korleis vi skal måle – og peike ut soleklare suksessfaktorar. I tillegg til at vi erfarer at det førebels er utfordrande å kartlegge/måle auka grad av gjennomføring/reduksjon i fråfall, ser vi at det er utfordrande å t.d. kartlegge status/endra status på praksis for opplysning, råd og rettleiing (STL§17) og evt. andre sosiale tenester/ytingar i arbeidet med ungdommane som er i målgruppa for prosjektet.

Styringsgruppa vurderer så langt at felles forståing på tvers av forvaltningsnivå kring utfordringar for målgruppa for prosjektet er avgjerande for å lykkast med å finne gode løysingar som bidreg til at fleire ungdommar fullfører vidaregåande og blir integrert i arbeidslivet. Dette er noko vi må jobbe med gjennom heile prosjektperioden. I tillegg vurderer vi at auka grad av systemforståing - både lokalt og på fylkesnivå - og etablering av gode relasjonar mellom dei ulike «hjelparane» er suksessfaktorar for å lykkast med overordna mål for prosjektet.

4. Forankring av erfaringar og planar for vidareføring

Som nemnt under punkt 1 i rapporten er erfaringar frå forsøket med NAV-rettleiar delt både internt og eksternt gjennom bruk av ulike kanalar og deltaking i ulike fora. Styringsgruppa skal i løpet av våren 2017 kartlegge aktuelle konferansar/arenar (med konkret dato) for erfaringsspreiing hausten 2017, slik at vi har samla oversikt med aktuelle datoar innan mai 2017. Aktuelle arenaer kan mellom anna vere:

- NAV Sogn og Fjordane sin Mulighetskonferanse
- Samling for NAV-leiarar i fylket
- HOF-forum
- Rådgjevarkonferansen
- Rektorsamlingar

I løpet av 2017 vil styringsgruppa be dei lokale prosjektgruppene om å starte arbeidet med å formulere konkrete mål for:

Kva ein vil oppnå i løpet av det siste året i prosjektperioden – og som ved prosjektslutt (t.d. samarbeidsform/system/struktur) skal gi varig meirverdi i arbeidet med ungdom både for skule og NAV (fullføre skule/overgang arbeid) etter at prosjektet er avslutta.

Dette vil bli førande for korleis ein eventuelt vil vidareføre samarbeidet mellom skule og NAV, evt. oppretthalde ordning med NAV-rettleiar i vidaregåande skule, etter at prosjektet er avslutta. Vi legg til grunn at det må vere ope for at ein kjem fram til ulike løysingar for vidareføring i dei to kommunane som gjennomfører forsøket - og at vi ikkje kan stille konkrete krav til at NAV skal ha ein rettleiar i vidaregåande skule i 80% stilling, men at ein finn andre tenlege løysingar for å sikre tettare samhandling mellom skule og NAV.